

IKKJE OFFENTLEG - FORVALTNINGSLOVA § 13 (teieplikt)

SØKNAD OM TILRETTELAGT TRANSPORT

Tilrettelagt Transport (TT) er eit tilbod til dei som har behov for spesialtransport, fordi dei, ut frå funksjonshemming, har store vanskar med å nytte det kollektive rutetilbodet på sin heimstad. For å bli godkjend som brukar skal det være direkte samanheng mellom varig funksjonshemming og evna til å bruke kollektive transportmiddel. For å få innvilga søknad om TT må søkjar ha funksjonshemming som varer minimum eitt år.

Søknaden må vere fullstendig utfylt. Kommunal godkjenningssinstans gjev nærare opplysningar og kan hjelpe til med utfylling av søknad. Legeerklæring skal leggjast ved søknaden. Søkjar må sjølv betale eventuelle utgifter ved slik erklæring.

Søknaden gjeld:

- Eg er ny brukar og søker for første gong
- Eg er/har vore brukar og søker om fornya godkjenning

Etternamn	
Fornamn	
Født (dag, månad, år)	
Gatedresse	
Postnummer/-stad	
Telefonnr.	

Kryss av for kva funksjonshemming(ar):

- Eg er blind/svaksynt (Synsstyrke 0.33 - 6/18 Folketrygdloven)
- Eg er avhengig av rullestol.
- Eg har behov for spesialbil (Må køyrast inn i bilen eller må sitje i rullestol under transporten).
- Eg kan av andre helsemessige årsaker ikkje nytte kollektivtransport/serviceskyss.

Andre opplysningar

Eg har grunnstønad frå NAV til transport Ja Nei

Eg har stønad frå NAV til kjøp av bil Ja Nei

Mi funksjonshemming blir redusert på visse årstider Ja* Nei

*Dersom ja, beskriv behov

Om eg blir godkjent brukar av Tilrettelagt Transport kan eg reise slik:

- Eg kan reise med vanleg drosje
- Eg treng spesialbil (til dømes for rullestolbrukar)
- Eg kan reise åleine, utan spesiell hjelp
- Eg kan reise åleine, men treng hjelp av sjåfør
- Eg treng å reise saman med eigen følgjeperson

Utfyllande opplysningar om kvifor de søker transportteneste:

(Bruk eige ark dersom det ikkje er nok plass her)

- Eg samtykker i at Sogn og Fjordane fylkeskommune v/kommunal instans for godkjenning (bustadkommune) kan behandle dei opplysningane eg gir frå meg til bruk ved behandling av søknad om reiserett knytt til Tilrettelagt Transport. Samtykket gjeld opplysningar og dokument som går fram av søknadsskjema med vedlegg. Dersom søknaden blir innvilga så vil samtykket og gjelde behandling av dei turdata som blir registrert i samanheng med bruken av tenesta.
- Eg bekreftar at opplysningane i skjema er rett og at legeerklæring er lagt ved søknaden.
- Eg bekreftar at eg vil melde frå til kommunen om eg ikkje lenger oppfyller kriteria for godkjenning.

Stad

Dato

Underskrift

Søknaden har ____ vedlegg.

Utfylt søknad skal sendast til kommunal godkjenningsinstans i bustadkommunen.

ORIENTERING TIL SØKJAR OM TILRETTELAGT TRANSPORT

Tilrettelagt Transport (TT) er ikkje eit lovfesta tilbod. Det er ei fylkeskommunal ordning der kommunane godkjenner brukarar etter fylkeskommunale retningslinjer. Retningslinjene finn du på www.sfj.no/tilrettelagttransport.

TT er eit tilbod til dei som har behov for tilrettelagd skyss, fordi dei, ut frå funksjonshemming, har store vanskar med å nytte det kollektive rutetilbodet på sin heimstad. For å bli godkjend som brukar skal det være direkte samanheng mellom varig funksjonshemming og evna til å bruke kollektive transportmiddel. For å få innvilga søknad om TT må søkjar ha funksjonshemming som varer minimum eitt år.

Personar med funksjonshemming som ønskjer å bli med i TT-ordninga, må søke bustadkommunen sin om å bli godkjende som brukarar. Det skal leggst ved erklæring frå lege/spesialist på standardisert skjema. Slik erklæring skal innehalde ei vurdering av kor vanskeleg det er å nytte kollektive transportmiddel, inkludert serviceskyss. Erklæringa vert eit hjelpemiddel for kommunen når ein skal vurdere søkjarar.

Kommunen behandlar søknaden og fattar vedtak. Klage på vedtak skal rettast til kommunen og skal behandlast som klage på enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28.

TT-ordninga er meint til fritidsreiser som kulturarrangement, sosiale aktiviteter og reiser til dagleglivets gjeremål. Ordninga skal ikkje brukast til transportoppgåver som på annan måte, heilt eller delvis, vert dekkja av andre offentlege midlar.

Reisetilbodet er eit dør-til-dør-tilbod.

Godkjende TT-brukarar, får eit personleg brukarkort. På kortet ligg ein reisekonto tilsvarande tildelte midlar frå kommunen gjeldande år.